

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Deres ref.

Vår ref.
26/55 - 9

Dato
15.04.2026

Vedtaksbrev - Uttale til søknad om konsesjon for Haugåna kraftverk

Utvalg for teknikk, landbruk og miljø har i møte 14.04.2026 fattet følgende vedtak 26/28

Sirdal kommune anbefaler at det gis konsesjon til bygging av Haugåna kraftverk, under forutsetning av at det stilles byggtekniske krav i tråd med NVE-veileder «Støy i små kraftverk». Det anbefales at kabel legges i jord.

Med hilsen

Mona Ousdal
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Sirdal

Saksframlegg

Vår ref. 26/55 - 7
Saksbehandler Sven Sandvik
Dato 18.03.2026

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
26/28	Utvalg for teknikk, landbruk og miljø	14.04.2026

Uttale til søknad om konsesjon for Haugåna kraftverk

Forslag til vedtak

Sirdal kommune vil ikkje tilrå at det vert gitt konsesjon for utbygging av Haugåna kraftverk i prosjektet si no verande form. Utbygginga vil i høve konsekvensutgreiinga medføra *alvorleg miljøskade* (---) på naturtypen *fossepåverka berg*. Naturtypen er så langt me kjenner til berre registrert i eit anna vassdrag i kommunen.

Dersom det vert gitt konsesjon for utbygginga, bør sumstøy frå vegtrafikk og kraftstasjon utgreiast med omsyn til den næraste busetnaden. Det bør av omsyn til naboane stillast byggtekniske krav i tråd med NVE sin vegleiar «*Støy i små vasskraftverk*» for å sikre at det vert *minst mogeleg* støy frå kraftstasjonen.

Kommunen kan ikkje akseptera foreslått løysing for nettilknyting med luftspenn gjennom busetnaden på Haugom. Her må det leggest jordkabel.

Kommunen ber NVE vurdere om det er aktuelt med bruk av farga betong eller andre tiltak for å minimere synlegheita til inntaksterskelen.

Utvalg for teknikk, landbruk og miljø 14.04.2026

Behandling

Forslag til vedtak, foreslått av Ingvar Sele, Kristelig folkeparti
Sirdal kommune anbefaler at det gis konsesjon til bygging av Haugåna kraftverk, under forutsetning av at det stilles byggtekniske krav i tråd med NVE-veileder «*Støy i små kraftverk*». Det anbefales at kabel legges i jord.

Leder Henning Sinnes (AP) erklærte seg inhabil i saken og forlot møterommet, ingen vara møtte. Nestleder Ingvar Sele (KRF) overtok møteledelsen under behandlingen av saken.

Alternativt forslag til vedtak fremmet av Ingvar sele (KRF) og kommunedirektørens forslag til vedtak ble avstemt mot hverandre.

Alternativt forslag til vedtak fremmet av Ingvar sele (KRF) ble enstemmig (6 stemmer) vedtatt.



TLM - 26/28 vedtak

Sirdal kommune anbefaler at det gis konsesjon til bygging av Haugåna kraftverk, under forutsetning av at det stilles byggetekniske krav i tråd med NVE-veileder «Støy i små kraftverk». Det anbefales at kabel legges i jord.

Bakgrunn


NVE har sendt søknader om konsesjon for Haugåna kraftverk og Bjunes kraftverk på høyring. Høyringsfristen var 09.03.2026, men Sirdal kommune har fått utsett frist til politisk behandling i uval TLM er gjennomført.

NVE ønsker å få konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast og eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ønsker også grunnngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere ulemper ved gjennomføringa av prosjekta og eventuelle kommentarar til om tiltaket sine verknader er tilstrekkeleg opplyst.

NVE ber høyringsinstansane vurdere kvar søknad for seg, men også sjå sakene i samanheng.

Haugåna kraftverk

Haugåna Kraft AS søker om konsesjon til å utnytte eit fall på 334 meter i elva Haugåna (på Haughom) og passivt regulere Sandvatn med 1 m. Det vert også søkt om å ta inn eit lite sidefelt som bekkeinntak. Årsproduksjonen er i snitt venta å ligge på 6,5 GWh, som svarer til straumforbruket til ca. 325 husstandar.




Hovudinntaket er planlagt med inntakskulp rett nedstrøms Stølstjødn med ein 1-2 m høg terskel bygd som platedam i betong. Inntaket blir på same høgde som normalvasstanden i Stølstjødn. Terskelen får eit flaumoverløp på 10-15 m. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 30 l/s over inntaksdammen i sumarhalvåret (15. mai – 15. september) og 5 l/s i vinterhalvåret (15. september – 15. mai).

Sidefeltet blir tatt inn på trykkrøyet som eit bekkeinntak ca. 400 m frå hovudinntaket. Frå bekkeinntaket er det planlagt eit fast heilårig slepp av minstevassføring på 1 l/s . Sidefeltet er i snitt venta å gi ein årleg produksjonsgevinst på 0,4 GWh.




Røyrkata vert ca. 1650 m lang med 1580 m røyr i grøft og 70 m profilbora tunnel på det nedste parti før kraftstasjonen.

Kraftstasjonen er plassert i Fosslidalen ca. 60 meter frå næraste busetnad, med tilkomst på eksisterande skogsbilveg. Bygget blir på ca. 80 m² i tradisjonell nøktern byggestil med betongfundament og overbygg i tre. For å redusere støy frå turbinen er det planlagt støydempande tiltak i avløpskulverten. Tilknyttinga er planlagt som luftspenn gjennom busetnaden på Haughom frå ny koblingskiosk ved kraftstasjonen til eksisterande 22 kV linje.



Den planlagde reguleringa av Sandvatn har til føremål å utjamne/forseinke avrenninga frå Sandvatn til inntakskulpen slik at ein får nytta ein større andel av vatnet til kraftproduksjon. Reguleringa skjer passivt ved at det vert bygd ein kort terskel i utløpet med eit fast røyr gjennom terskelen. Røyrret har ein kapasitet tilsvarande middeltilsiget. Røyrret ligg 30 cm under normalvasstand og terskelen 70 cm over, noko som til saman utgjør ei regulering på 1 m (LRV 115 m, HRV 116 m). Utover at terskelen er kort, er det ikkje gitt noko nærare spesifikasjon på lengda. Terskelen får ei kjerne av betong, plastra med lokale massar. Helikoptertransport skal nyttast under bygginga. Regulerer av Sandvatn er i snitt venta å gi ein årleg produksjonsgevinst på 0,2 GWh. Venta reguleringszone er synt i kartutsnittet nedanfor:



Vurdering

Vurderinga er delt opp i to delar. Første del er ei vurdering knytt til samla belastning og prioritering av prosjekt. Denne delen er likelydande i saksframstillinga til uttalane for dei to vasskraftverka. Andre del omhandlar avbøtande tiltak og kunnskapsbehov knytt til Haugåna kraftverk.


Del 1. Samla belastning og prioritering mellom prosjekt

Diskusjonar knytt til samla belastning vert stadig meir aktuelle ved spørsmål om konsesjon til utbygging av småkraftverk, både i Sirdal og elles i landet. Utbygginga av småkraftverk utgjør eit bidrag til oppfyllinga av nasjonale mål for produksjon av fornybar energi, men bidreg samstundes til tap av naturmangfald.

Naturtypane elvevassmassar med fisk og fisketomme elvevassmassar har status som nær truga (NT) på norsk raudliste for naturtypar 2025. Dette er førekomstar av ferskvatn med høg vassgjennomstrøymingshastigheit og kort opphaldstid – i daglegspråket omtalt som elver og bekkar.

Elvevassmassar vert i høve artsdatabanken påverka av ei rekke faktorar, inkludert vasskraftregulering, landbruk og andre fysiske tiltak. For landet samla er 62 % av alle elvelengder vurdert å vera forringa. Omlag to tredjedelar av norske vassdrag er bygd ut for vasskraft, i høve *Norges offentlige utredninger 2019:16 Skattlegging av vannkraftverk*.

I konsekvensutgreiingane som er gjort for Bjunes kraftverk og Haugåna kraftverk etter Miljødirektoratet sin instruks *Konsekvensutredning av klima- og miljøtema* er det for begge prosjekt vurdert at elvesystemet vil bli degradert frå tilstandsklasse *svært god* til *moderat*. Dette gjev etter instruksjonen påverknadsgraden *forringa*. Når påverknadsgraden vert samanstillt med verdi, som er sett til *middels verdi* grunna elvevassmassane sin status som nær truga (NT), vert konsekvensgraden *betydeleg miljøskade* (--). Konsekvensvifta som er nytta i utgreiinga er synt nedanfor saman med skalaen for konsekvensgrad.



Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	Svært alvorlig miljøskade	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for området. Gjelder kun for områder med stor eller svært stor verdi.
---	Alvorlig miljøskade	Alvorlig miljøskade for området
--	Betydelig miljøskade	Betydelig miljøskade for området
-	Noe miljøskade	Noe miljøskade for området
0	Ubetydelig miljøskade	Ingen eller ubetydelig miljøskade for området
+ / ++	Noe miljøforbedring. Betydelig miljøforbedring	Miljøgevinst for området. Noe forbedring (+) eller betydelig forbedring (++)
+++ / ++++	Stor miljøforbedring. Svært stor miljøforbedring	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbedring. Benyttes i hovedsak der områder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket



Betydeleg miljøskade som følgje av forringing av elvevassmassar er ein konsekvens svært mange småkraftprosjekt har til felles. Så lenge det nasjonalt framleis er ønskeleg å bygge ut meir småkraft, vurderar kommunedirektøren at det også må vera rom for ein viss auke i samla belastning på denne naturtypen.

At den samla belastninga allereie er stor tilseier samstundes at det er ei avgrensa mengda nye prosjekt som kan sleppast igjennom før belastninga vert *for* stor.

Kommunedirektøren vurderer at ein har kome forbi stadiet der det å få realisert mange prosjekt raskt er eit viktig mål i seg sjølv. Det viktige framover blir å gjere ein god jobb med å sile ut dei beste og minst konfliktfylte prosjekta. Om ein ikkje klarer dette, vil det kunne råde ein slags førstemann-til-mølla situasjon der den samla miljøkostnaden knytt til utbyggingane vert unødig høg. Med høgare miljøkostnader vil ein også tidlegare nå taket der den samla belastninga ikkje lenger vert oppfatta som akseptabel. Med omsyn til målet om produksjon av fornybar energi, vil dette både kunne innebera at ein får bygd ut *mindre* småkraft totalt sett og at framtidige prosjekt med stort produksjonspotensial kan strande fordi mogelegheitsrommet allereie er fylt opp med andre prosjekt.

Kommunedirektøren har vurdert søknadane om konsesjon for Haugåna og Bjunes kraftverk i lys av diskusjonen ovanfor knytt til samla belastning.

Kommunedirektøren vurderer Bjunes kraftverk som eit prosjekt med relativt små ulemper målt opp mot produksjonspotensialet. Det meste av vassvegen går gjennom profilbora tunnel i fjell. Det er berre det nedste partiet på ca. 80 m ved eksisterande skogsbilveg som må gravast ut som rørgate. Vatnet som skal regulerast – Haugevatnet – er ikkje urørt. Både normalvasstanden og vasstandsvariasjonen i dagens situasjon er påverka av at det står att ein gamal dam etter tidlegare regulering. Det er lagt opp til ei regulering som stort sett vil ligge innanfor dagens naturlege vasstandsvariasjon.

I konsekvensvurderinga er både Bjunes kraftverk og Haugåna kraftverk vurdert å kunne redusere fossekallen sine hekkemogelegheter, redusere områda som er eigna til fødesøk og redusere vassdraga sin verdi som myte- og overvintringsstader. Det er vurdert at påverknadsgraden sannsynsvis vil ligge i området *forringa*. Fossekallen høyrer til dei vanlege artane som har funksjonsområde i elva og er ikkje på raudlista. Verdien vert difor etter instruks sett til *noko verdi*. Samanstilt med vert påverknadsgraden gjev dette konsekvensgrad *noko miljøskade* (-). Det vert i begge prosjekta opplyst at foreslått minstevassføring i første rekke er dimensjonert for å sikre tilgangen på føde for fossekallen. Det er i begge prosjekt også planlagt å annlegge reirkassar som skal følgast opp som del av internkontrollen i driftsfasen. Med tilstrekkeleg minstevassføring og reirkassar vurderer kommunedirektøren konsekvensane som akseptable.

Utbygging av Haugåna kraftverk vil i høve konsekvensvurderinga mødføra *alvorleg miljøskade* (---) på naturtypen *fossepåverka berg*. Naturtypen er kartlagt ved det nedste fossefallet på elvestrekninga, der elva renn ned i Fosslidalen. Fossefallet har her ein stabil fossesprut der intensiteten i fossespruten dannar ulike fuktsoner utover bergveggar og berg i tilknytning til fossen. Dette dannar grunnlag for eit tilpassa artsmangfald dominert av moser og lav som er avhengig av fukt frå fossespruten. Artane som toler mest fossesprut etablerer seg innerst mot fossen og dei som toler minst etablerer seg ytst der det berre er fosserøyk. Den kartlagte førekomsten av fossepåverka berg er etter miljødirektoratet sin instruks gitt *stor verdi*. Det er vurdert at naturtypen vil verta *sterkt forringa* ved utbygging.

Med utgangspunkt i at det berre er ei avgrensa mengde prosjekt som kan byggast ut framover før den samla belastninga vert *for* stor, vurderer kommunedirektøren det korkje som nødvendig eller tilrådeleg å bygge ut prosjekt som inneber *alvorleg miljøskade* (---) på naturtypen *fossepåverka berg*. Dette er etter kommunedirektøren sin vurdering eit eksempel på ein naturtype som det er viktig å verne om i den storstilte utbygging av småkraft som føregår på lansbasis. Naturtypen er spesielt sårbar då den er så direkte knytt til vassføringa i elvene. Kunnskapsgrunnlaget knytt til førekomsten av naturtypen lokalt er noko mangelfull då det ikkje er gjennomført ei heildekkande eller større kartlegging etter ny instruks for kartlegging av naturtyper på land (NiN). Dette tilseier at føre-var-prinsippet bør leggjast til grunn. Naturtypen *fossprøytzone* (som var den tidlegare nemninga) vart ikkje registrert under kartlegginga av naturtypar i Sirdal gjennomført etter DN handbok 13 tidleg på 2000-talet (*Haugen, S. 2002 Biologisk mangfold i Sirdal - Kartlegging av naturtyper - Verdssetting av biologisk mangfold*). Av *Fagrapport Natur og Samfunn* (2006), som vart utarbeida som del av arbeidet med kommunedelplan for mikro-, mini- og småkraftverk i Sirdal, går det fram at fossen i Haugåna ved Fosslidalen var den einaste staden der naturtypen *fossprøytzone* vart registrert i dei 47 undersøkte prosjekta. Kommunen har, utover




førekomsten i Haugåna, kjennskap til to to andre førekomster av *fossepåverka berg* som begge er registrert i Lindåna i Øykjeheia naturreservat.


Kommunedirektøren er positiv til at det vert gitt konsesjon for utbygging av Bjunes kraftverk, men vil ikkje tilrå at det vert gitt konsesjon til Haugåna kraftverk i sin noverande form.

Del 2. Avbøtande tiltak og kunnskapsbehov - Haugåna kraftverk

Det er konsekvensane for naturtypen *fossepåverka berg* som er den største utfordringa med prosjektet. Fossen ligg i nedre del av fallet som skal utnyttast. Ei alternativ løysing kunne kanskje vera å flytte kraftstasjonen til området like oppstrøms fossen, jf. kartskisse nedanfor.



Kraftstasjonen vil, dersom det vert gitt konsesjon for dagens plassering, komme relativt tett på busetnad med ca. 60 m til næraste hus. Dei tre næraste husa ligg frå før anten rett utanfor eller innanfor gul sone i vegvesenet sitt støyvarselkart, der gul sone representerer eit støynivå på Lden 55-65 dB.



Med tilleggssøyt frå kraftstasjonen kan det totale lydtrykknivået bustadane vert utsett for auke. Sumstøyt frå vegtrafikk og kraftstasjon bør difor utgreiast. Kraftstasjonen si plassering på motsett side av husa kan gjera det vanskelegare å oppnå ei stille side. At bustader har ei stille side vert generelt rekna som viktig med omsyn til opplevd støyplage og søvnforstyrringar.



I konsesjonssøknaden er det lagt opp til støydempende tiltak i avløpskulverten.

Kommunedirektøren vurderer ikkje dette som tilstrekkeleg. Denne vurderinga gjeld sjølv om det skulle vise seg at ein med dette klarer å oppfylle grenseverdiane i støyretningslinja.

Grenseverdiane i støyretningslinja kan seiast å vera eit minstekrav til kvalitet. Dei er sett på eit nivå der ein reknar med at dei *fleste* ikkje vert plaga av støy. Det er store individuelle forskjellar på kor følsam og sårbar ein er for støy. Det vil også på nivå under grenseverdiane vera personar som opplever støyen som forstyrrande, irriterande og plagsam. Ved grenseverdien som er sett for vegtrafikkstøy rapporterer 10-20 % at dei opplever *sterk støyplage*.

Sett opp mot utbyggingskostnadane, som i dette tilfellet er venta å ligge på rundt 40 mill kroner, er det relativt enkle og rimelege bygtekniske grep som skal til for å dempe støyen frå eit småkraftverk. Kommunedirektøren meiner det er rimeleg å vente at tiltakshavar – av omsyn til naboane – gjer det ein kan for å sikre at støyen vert *minst mogeleg*. Dette bør vera ein føresetnad for at kommunen skal akseptere ei plassering tett på busetnad i dispensasjonsbehandlinga etter plan- og bygningslova.


I høve NVE sin vegleiar «*Støy i små vasskraftverk*» er dei viktigaste støydempende tiltaka på småkraftverk følgjande:

- **Tung tett bygningskonstruksjon i både vegger og tak.**
Gjerne minst 2 lag gips- eller spon-plate på innside av bindingsverk og tak, og gipsplate under utvendig veggpanel og taktro på tak. Ren tømmervegg må være tung og tettes godt.
- **Tung tett dør-konstruksjon med gode tettelister og god tilpasning.**
Fortrinnsvis dør lydklasse minst 35 dB. Eller to gode dører utenpå hverandre.
- **Vinduer med tykke glass med stort glassmellomrom og god tetting.**
Fortrinnsvis lydklasse minst 35 dB.
- **All ventilasjon må skje via gode lydfeller, både på innløp og utløp.**
Lydfeller er lange kanaler innvendig kledt med minst 5 cm mineralullplate, f.eks. Glava eller Rockwool lydfelleplate med glassfiberduk. Vanlige ventilasjonslydfeller kan brukes. Vifte må sitte på maskinromsiden av lydfellen, og ha god klaring mellom vifteblad og gitter o.l. Se Figur 5.2.
- **Avløpstunnel forsynes med tunge gummigardiner ned mot vannet og/eller lydabsorbent i tunneltaket.** Lydabsorbenten kan f.eks være 10 cm Glava eller Rockwool lydfelleplate eller treullsementplate lagt på strekk gitter, og med tett tungt lokk over.

Tiltaka er illustrert i figuren nedanfor som er henta frå vegleiaren:



LENGDESNIITT AV KRAFTSTASJON OG AVLØPSTUNELL



Kommunedirektøren meiner foreslått løysing for nettilknytning med luftspenn gjennom busetnaden på Haugom ikkje er akseptabel. Her må det leggjast jordkabel.

Reguleringa av Sandvatn vil påvirke vassføringa på strekninga mellom Sandvatn og Stølstjødn. Verknaden for dette vassdragssegmentet er etter det me kan sjå ikkje vurdert i konsekvensutgreiinga eller søknaden.

Når det gjeld føreslått minstevassføring, har NVE betre føresetnader enn kommunen for å vurdere om dette er tilstrekkeleg.

NVE bør vurdere om det er aktuelt med bruk av farga betong eller andre tiltak for å minimere synlegheita til inntaksterskelen.

- Konsekvensar for born og unge.

Kraftverket er ikkje vurdert å medføre særskilde konsekvensar for born og unge.

- Økonomiske konsekvensar av forslag til vedtak.

Forslag til vedtak er ein høyringsuttale utan direkte økonomiske konsekvensar. Dersom kraftverket får konsesjon og vert bygd ut vil kraftverket generere skatteinntekter for kommunen.

Konklusjon

Kommunedirektøren vil ikkje tilrå at det vert gitt konsesjon for utbygging av Haugåna kraftverk i prosjektet si no verande form.

Vedlegg

Søknad om konsesjon for Haugåna kraftverk



Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør

Sven Magne Ousdal
Virksomhetsleder for arealforvaltning